



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Vår dato  
27.02.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/1373 461.3  
Dykkar referanse

NorBetong AS avd. Flatøy  
Osterfjordvegen 150  
5918 FREKHAUG

### Rapport frå tilsyn ved NorBetong AS avd. Flatøy 17. februar 2017

Rapportnummer: 2017.001.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved tilsynet:

Frå verksemda:  
Ørjan Haugland, regionsjef  
Magnus Skjeggerud, teknolog  
Svein Ove Waldersnes, driftsleder

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Silje Tingstad  
Mari Katrine Berg

#### Resultat frå tilsynet

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå tilsynet. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at den er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 3 avvik og 1 merknad under tilsynet innan følgjande tema:

- Utsleppskontroll
- Handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- Kjemikalielagring
- Forsøpling

Avvika og merkningen er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

NorBetong AS avd. Flatøy må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. juni 2017** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Silje Tingstad  
overingeniør

Mari Katrine Berg  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Meland kommune Postboks 79 5906 Frekhaug

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> NorBetong AS avd. Flatøy	<b>Kontrollklasse:</b> 4
<b>Adresse:</b> Osterfjordvegen 150	
<b>Postnummer og -sted:</b> 5918 Meland	
<b>E-post:</b> post@norbetong.no	<b>Telefon:</b> 815 11 303
<b>Kommune:</b> Meland kommune	<b>Organisasjonsnr.:</b> 980 100 561
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 23.630 Produksjon av ferdigblanda betong	<b>Eigar (org.nr.):</b> 934 468 740
<b>Siste tilsyn:</b> 17. oktober 2013	

## 2. Bakgrunnen for tilsynet

Tilsynet vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Tilsynet er ein oppfølging etter den nasjonale tilsynsaksjonen med verksemdar som produserer betong, betongprodukt og andre ikkje-metalliske mineralprodukt som vart gjennomført hausten 2016.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll
- Utsleppskontroll
- Avfallshandtering
- Kjemikaliehandtering

## 3. Oppfølging etter tilsynet

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. juni 2017** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

## 4. Tilsynsgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 30. januar 2017 at NorBetong AS avd. Flatøy vil få eit gebyr for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Tilsynet er sett i gebyrsats 4, 7 500 kr. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har fått denne rapporten, jf. forvaltningslova § 28. Klagen må innehalde den eller dei endringane de ønskjer. Den bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen.

## 5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- Forureiningslova §§ 7, 11 og 32
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta kapittel 9 om deponering av avfall og kapittel 11 om farleg avfall
- Produktkontrolllova
- Internkontrollforskrifta

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under tilsynet:

### Avvik 1: Verksemda kan ikkje dokumentere om utslepp til vatn og grunn fører til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet

#### Avvik frå:

- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

#### Kommentar til regelverket:

Når ei verksemd ikkje har utsleppsløyve frå miljøvernmynde og bransjen ikkje er regulert i forskrift er det forureiningslova som regulerer verksemda sitt utslepp. Hovudregelen i § 7 slår fast at det ikkje er lov å forureine, og at verksemda må setje i gong tiltak dersom naudsynt.

Utslepp av forureina vatn er ulovleg dersom det medfører nemneverdig skade eller ulempe for miljøet, jf. forureiningslova § 8 tredje ledd. Verksemdar skal ha kontroll på kva dei slepp ut. Det må takast målingar av utsleppet for å kunne vurdere om det fører til forureining. Målingane må spegle dei ulike produksjonsforholda ved verksemda, og vurderingane gjort kring kor, kor ofte og korleis prøvane vert tatt må vere dokumentert i verksemdas eigen internkontroll.

Ev. utslepp av forureina vatn frå avvatningbingen for betongslam og -rester er underlagt same krav for kontroll som vaskevatt, og verksemda må kunne dokumentere at utslepp til grunn eller vatn ikkje fører til forureining.

#### Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda slepp ut vatn frå sedimenteringsløyvinga si, og har sjølv vurdert utsleppet til ikkje å føre til forureining. Det er førebels ikkje gjennomført målingar av utsleppet, anna enn pH.

Det var teikn til betongslam på nokre av steinane ved utsleppspunktet for vatnet. Verksemda sa under tilsynet at dei trur dette kan ha oppstått før dei fekk det siste kammeret til sedimentasjonsløysinga, og at dei vil fjerne betongslammet for å kunne sjekke effekten av det nye kammeret.

## **Avvik 2: Rutinar og dokumentasjon knytt til handtering av avfall, inkl. farleg avfall, har manglar**

### **Avvik frå:**

- Avfallsforskrifta § 11-8
- Avfallsforskrifta § 11-12
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

### **Kommentar til regelverket:**

#### *Handtering av farleg avfall må skje i samsvar med avfallsforskrifta*

Verksemder som har farleg avfall må gje opplysingar om kor avfallet kjem frå, kva det inneheld og kva eigenskapar det har for at vidare behandling kan skje på ein trygg måte når dei leverer det til eit godkjent mottak. Dette gjer ein ved å deklarerer avfallet, no elektronisk, på [www.avfallsdeklarering.no](http://www.avfallsdeklarering.no). Leveringsplikta inneber òg at verksemda må ha skriftleg dokumentasjon på kvar det farlege avfallet er levert. Dersom det oppstår meir enn 1 kg farleg avfall per år, må dette leverast årleg.

#### *Handtering av betongavfall må vere risikovurdert*

Slam frå sedimenteringsbasseng er næringsavfall, og skal leverast til lovleg avfallsmottak, med mindre det attvinnast eller «brukes på annan måte», jf. § 32 i forureiningslova.

Når betongavfallet «brukes på annan måte» må det vere som ein erstatning for eit anna materiale som elles ville vert nytta. Betongavfall kan t.d. erstatte pukkk eller liknande i bygge- og anleggstiltak som skal gjennomførast uansett. Mengda betongmassar som vert nytta må stå i forhold til behovet for masser, og dei må vere eigna til formålet.

Verksemda må ha skriftleg risikovurdering av om nyttiggjeringa av avfallet fører til forureining. Kunnskap om betongavfallets innhald av helse- og miljøfarlege stoff og om miljøforhold på staden der avfallet vert nyttiggjort må gå inn i risikovurderinga. Betongslam inneheld truleg tungmetall og kan difor ikkje reknast som reine massar utan nærare dokumentasjon.

Ei risikovurdering skal mellom anna:

- utarbeidast frå kunnskap om lokale forhold, og ikkje ved hjelp av tilstandsklasser for forureina grunn
- innehalde representativ prøvetaking av avfallets forureiningspotensial, både konsentrasjon og mengd
- vurdere fare for utlekking og spreieing av forureining, inkludert bindingsegenskapar og grunnforhold
- inkludere miljøkonsekvensar dersom det er spreieingsfare, inkludert naturmangfald og resipientforhold

### **Avviket er basert på følgende observasjoner:**

#### *Farleg avfall*

Verksemda har ikkje levert farleg avfall det siste året, og dei har meir enn eitt kilo farleg avfall lagra.

#### *Betongslam*

Verksemda leverer betongslam på Alvarsund Tipp. Tippen er ikkje eit avfallsanlegg med løyve etter forureiningslova, og verksemda har ikkje risikovurdert disponeringa av betongslammet.

### **Avvik 3: Kjemikaliar vert lagra utan egna oppsamlingsløsning**

#### **Avvik frå:**

- Produktkontrollova § 3

#### **Kommentarar til regelverket:**

Verksemda må gjere det som er naudsynt for å førebyggje og avgrense utslepp til miljøet.

### **Avviket er basert på følgende observasjoner:**

Verksemda har fleire IBC-tankar med kjemikaliar ståande ute utan skjerming for ytre påverknad. Dersom dei går lekk vil dei ha direkte avrenning til sedimentasjonsbassenget.

Verksemda forklarte at dersom det gjekk hål på ein tank ville væska renne i sedimenteringsbassenget, og dei ville stengje for pumping av væske frå basseng til terreng. Væske og slam ville bli levert til godkjent mottak.

Det er allereie bestilt nye konteinrarar for innandørs oppbevaring av kjemikal og vass-systemet til verksemda. Disse var ikkje på plass under tilsynet, men det vart sagt at dei vil bli installert når det ikkje lengre er fare for frost, og truleg ferdig innan mai.

## **8. Merknader**

### **Merknad 1: Forsøpling i området rundt anlegget**

#### **Kommentarar:**

Det låg ein presenning delvis dekkja av jord og steinmassar i skråninga der verksemda har rydda etter utslepp til bekken. Verksemda sa under tilsynet at dei allereie hadde kontakta entreprenøren som var ansvarleg for arbeidet slik at dei kunne kome og ta siste opprydding.

## **9. Andre forhold**

Verksemda produserer fersk betong, og årleg produksjonsmengd er mellom 9.000-13.000 kubikk. Dei er 1,5 fast tilsette på blandeverket, og 6,5 innleidde sjåførar som alle jobbar for stasjonen. Ordinær drift er mellom kl. 07.00 og 15.00. Dei kan bruke plastarmering om kunden ber om det, men oftast vert det brukt stålarmering på denne stasjonen. Det vert brukt lite fiber, men dei kan plukke plast vekk ved pumpa om dette vert brukt. Gjennomsnittleg vert

tre bilar (tromlane) og ei pumpe vaska ein gong for dagen. Ein bilvask brukar omtrent 2000 l vatn, og vaskinga gjer dei med resirkulert vatn.

Sida sist tilsyn har verksemda oppgradert sedimenteringsløysing, og utvida med eit ekstra kammer som vatnet går gjennom, før det vert pumpa manuelt ut i terrenget. Dei har og rydda på nedsida av verksemdas område der vatnet vert pumpa ut i terrenget. Dei har og kjøpt nytt overblåsingssystem.